

20 21

ÅRSMELDING



Sogn og Fjordane
Bonde- og Småbrukarlag



Velkommen til Fylkesårsmøte

Møtet blir på teams

Onsdag 16. mars 2022

KI 18:30 Fellesdel ilag med Hordaland og Sogn og Fjordane

- 1 Velkommen v/ leiar (både Marco og Leif?)
- 2 Orientering
- 3 Innleiar Jo Helge Sunde, Tine : Storfeprosjektet
Debatt
- 4 Eli Berge Ness orienterer om NBS si jobbing fram mot JF 22
- 5 Avslutning

KI 20:30 Hordaland BS og Sogn og Fjordane BS går i kvar sitt årsmøte
(separat innkallingslenke)

- 1 Godkjenning av innkalling og sakliste
– *Informasjon om gjennomføring av møtet* –
- 2 Val av ordstyrar, skrivar og to til å skrive under møteboka
- 3 Årsmelding og rekneskap/balanse 2020
- 4 Arbeidsplan og budsjett 2021
- 5 Ev. saker frå lokallaga
- 6 Val av styre og valkomité

Innhold



SIDE 4	LEIAREN HAR ORDET
SIDE 6-9	STYRET OG TILLITSVALDE
SIDE 10-11	FYLKESSTYRET SITT ARBEID
SIDE 12-13	REKNESKAP
SIDE 14-15	LANDSMØTET I NBS 2021
SIDE 16-17	NY GENERALSEKRETÆR
SIDE 20-21	KVA MED Å STARTE MED NOKO NYTT?
SIDE 24-26	PORTRETTET: ERNA UNDERDAL SKARSBØ
SIDE 30-31	NYINNMELD: ANDREAS AKSE



Sogn og Fjordane
Bonde- og Småbrukarlag



Hordaland Bonde-
og Småbrukarlag

Omslagsfoto: Klævold i Høyanger kommune.
Utsikt over Sognefjorden.
Foto: Lisa Meek Ljotebø

Leiaren har ordet



GODE MEDLEMMER!
SOM ELLES i landet er landbruket i Sogn og Fjordane i ein svært krevjande situasjon. For mange av oss er det etter kvart kome til ein avgjerande fase i høve framtidig drift. Det er på eit vis utruleg at knadskrefter og våre folkevalde over så lang tid har kunne halde på som dei har gjort. I dag står me i ein ikkje uventa situasjon med både urimeleg låg personinntekt og høge krav om investeringar i driftstekniske løysingar som overgår det økonomiske potensialet på mange bruk.

I STORE TREKK er det hos oss spesielt mjølkeproduksjonen (ku og geit) som er i ein svært kritisk fase med fare for at Sogn og Fjordane vert påført irreversible skader.

ARSAKA TIL DETTE er m.a. dårleg inntening og inngripande politiske krav om utvida beitekrav og kalvingsbingar for båsfjøs f.o.m. 2024, lausdrift krevet f.o.m. 2034, og den ufattelege kostnadsauke når det gjeld driftsmidlar som kunstgjødsel, fôr, drivstoff, straum og byggemateriale. Staten har heller ikkje vist vilje til å avsette tilstrekkeleg med investeringsmidlar som står i stil med krava staten sjølv har sett. Mange mjøkprodusenter har heller ikkje moglegheit for å tilpasse seg dei nye driftstekniske krav p.g.a. mangel på arealgrunnlag og/el. kvote og potensiale for inntening.

FOR Å GJE eit signal om situasjonen til sentralstyret har fylkesstyret – med støtte frå Hordaland BS, i slutten av januar sendt eit skriv kor me påpeika utfordringane for mjøkpro-

duksjonen og spurte om tilbakemelding på korleis sentralstyret har tenkt å jobbe vidare med denne problemstillinga.

I TILLEGGET til den svært kritiske situasjonen for mjøkproduksjonen har også andre produksjonar som t.d. småfehald også store uløyste landbrukspolitiske utfordringar.

SJØLV OM SITUASJONEN for mange av våre medlemmar og deira familie må vere tungt og bere kan vårt fellesskap i NBS ikkje gje opp håpet om at våre politikarar vil gjere naudsynte grep for å snu utviklinga. Den negative utviklinga i landbruket vil ramme heile landet både når det gjeld matvareforsyninga og arbeidsplassar. For kvart årsverk i landbruket er det også om lag to årsverk i andre næringar som er avhengige av landbruksnæringa, også mange av desse arbeidsplassar er og lokalisert i meir sentrale strøk.

EIT LYSPUNKT er Hurdalplattforma som tek sikte på å auke lønnsemda i landbruksnæringa og faktisk å auke sjølvforsyningsgraden. Me ynskjer alle som har ei rolle i føreståande jordbruksforhandlingar lykke til med å oppnå resultatet i tråd med denne målsetjinga.

ETTER Å HA vore styreleiar i Sogn og Fjordane BS i to år har eg kome fram til at eg p.g.a. andre gjeremål ikkje stiller til attval som styreleiar. Eg vil takke for samarbeidet i fylkesstyret og lokallaga, Hordaland BS, vår fylkessekretær Marit Milde og mange andre i og utanfor vår organisasjon.

EG ER STOLT over å vere ein av oss som på trass av dei mange næringspolitiske utfordringar og koronasituasjonen likevel har jobba utrøtteleg med NBS sine felles mål.

MARCO NEVEN

Fylkesleiar Sogn og Fjordane
Bonde- og Småbrukarlag.

SELGE VARER I REKO-RINGER?

LOKALPRODUSERTE MATVARER, UTEN MELLOMLEDD

FORDELER FOR PRODUSENTEN:

REKO-ring er en ny distribusjonskanal som skal gjøre det enkelt for bønder og mathåndverkere å selge varer lokalt, på en effektiv måte, uten mellomledd.

- FLEKSIBELT
- TIDSBESENAREND
- FORHÅNSBESTILLING
- BEDRE LØNNSOMHET
- ØKT SALG
- STØRRE KUNDEGRUPPE
- KUNDEKONTAKT
- ØKT SYNLIGHET
- SAMARBEID

Finn REKO-grupper på Facebook for å annonsera produkter.

Kunder etterspør kortreiste og ferske varer.

Oversikt over aktive REKO-ringer finner du på:

www.smabrukarlaget.no

Styret og tillitsvalde i 2021

FYLKESSTYRET

LEIAR: Marco Neven
Lærdalsvegen 1242, 6887 Lærdal
Mobil: 901 08 484 E-post: sognesbia@frisurf.no

NESTEIAR: Sander Solheim
Nautsundvegen 82, 6968 Flekke
Mobil: 906 95 124

STYREMEDLEM: Håvard Larsen
Grimelandshaug, 6811 Førde
Mobil: 482 38 950 E-post: larsen@angedalen.no

STYREMEDLEM: Anne Kristin Moe
Rinden 30, 6823 Sandane
Mobil: 951 41 894
E-post: akristinmoe@gmail.com

STYREMEDLEM: Rita Hestad
Åsane, 6819 Førde
Mobil: 951 73 143 E-post: rih_90@hotmail.com

1. VARA: Anders Hopland
Lonevegen 213, 6967 Hellevik i Fjaler
Mobil: 415 15 981 Epost: am-hopl@online.no

2. VARA: Erna Underdal Skarsbø
Undredalsvegen 84, 5746 Undredal
Mobil 975 86 573
E-post: erna_us_ynwa@hotmail.com

3. VARA: Joar Oppedal
Ortnevik, 5962 Bjordal
Mobil: 411 00 587 E-post: jopped@online.no

VALNEMND 2020:

Leiar: Jarle Martin Håland, Høyanger BS
Margaret Skåre, Stryn BS
Johnny Følling, Sunnfjord BS

LOKALLAG

EID BS: Rune Bruvoll,
Nordfjordvegen 6709, 6777 Stårheim,
rubruvo@gmail.com / 962 35 970

SUNNFJORD BS: Karen Hornnes, Hornnes-
vegen 113, 6809 Førde
karen.hornnes@enivest.net / 481 67 076

GLOPPEN BS: Eva Vigerust,
Breimsvegen 1258, 6827 Breim,
gloppensmabruker@gmail.com / 410 82 533

HYLLESTAD BS: Hanne Bjerkvik
Furenesvegen 48, 6967 Hellevik i Fjaler,
hmbjerkvik@gmail.com / 482 58 256

HØYANGER BS: Jarle Martin Håland,
Ikjevfjord 261, 5962 Bjordal,
Jarle.haland@enivest.net / 478 59 475

LUSTER BS: Olav Harald Alme,
Lomheim 4, 6869 Hafslo,
olavharald.alme@gmail.com / 915 32 775

SELJE/VÅGSØY BS: Bjørn Helgesen,
Seljevegen 3095, 6740 Selje,
helgesenbjorn@gmail.com / 480 44 844

SOGN DAL OG LEIKANGER BS:
Olav Nesse, Gorrvinsevegen 8, 6856 Sogndal,
olane@online.no / 977 72 828

STRYN BS: Ingolf Folven, Strynevegen 2837,
6798 Hjelledalen, if-juen@hotmail.com /
481 31 838

AURLAND BS: Marco Neven,
Lærdalsvegen 1242, 6887 Lærdal
sognesbia@frisurf.no / 901 08 484

HORNINDAL BS: Per Øen,
Kjøsapollen 163, 6763 Hornindal
per.oen@morenett.no / 900 54 238

BREMANGER , FLORA OG VIK BS:
Kontakt fylkeslaget ved fylkessekretær
sognogfjordane@smabrukarlaget.no /
900 83 839



LEASE i staden for å kjøpe?

Leasing har mange fordeler framfor lånefinansiering og kan vere eit godt alternativ når du har bruk for køyretøy eller utstyr ein periode.

Inntil 100 % finansiering.

I lag finn vi ei løysing som passar for di bedrift*

Vi tilbyr leasing gjennom Sparebank1 Finans Midt-Norge
Priseksempl*: Leasing frå 13.892 kr mnd. Eff. rente 4,17 %.
800.000 o/ 5 år. Kostnad: 85.479 kr. Totalt 885.479 kr



Ta kontakt med Ragnhild:
ragnhild.helgheim@ssf.no
eller 481 67 103

ssf.no/leasing

**Marco Neven**

Busett: Ljøsne i Lærdal
Aurland BS.

Produksjon: Birøkt (honning & pollinering) og Tindvedbær.

Oppvekst: Fødd og oppvaksen i Nederland. Flytta i 1978 til Noreg.

Har alltid hatt tette band til landbruket.

Utdanning: Jordbruk, skogbruk, økonomi, marknadsføring og pedagogikk.

Verv: Leiar i Aurland BS og i Sogn og Fjordane BS. Har elles brei erfaring frå andre nærings- og næringspolitiske verv.

Arbeid: I tillegg til drifta heime jobbar eg som lærar ved Sogn Jord- og Hagebruksskule i Aurland

Kvifor NBS? NBS har eit stort mangfald i medlemsmassen som har fokus på berekraft og levande bygdesamfunn. Som organisasjon har NBS eit stort og spanande utviklingspotensiale.

**Rita Iren Hestad**

Busett: Åsane i Førde
Sunnfjord BS:

Oppvekst: Oppvaksen på gard i Gaular. Her hadde vi 12 mjølkekryr, 30 sau og ein hest.

Produksjon: Busett på Åsane i Førde saman med sambuaren min, saman har vi to små born. Her driv vi familiegarden hans med spelsauer. Fram til 2021 hadde vi omrent 120 vinterfora sauher og nokre få gamalnorsk spel. Frå 2022 har vi halvert til ca. 60 vinterfora, kun vanleg spelsau. Hest som hobby.

Utdanning: Utdanna agronom.

Kvifor NBS: NBS verka som ein spennande organisasjon å komme inn i for å lære meir om landbruk og politikk, og meir om korleis det står til med landbruket i dag.

**Anne Kristin Moe**

Busett: Sandane
Gloppen BS:

Oppvekst: Født og oppvaksen i Ålesund, med hyppige besøk på slektsgarden i Gloppen.

Utdanning: øko-agronom og kulturhistorikar

Verv: styremedlem i Gloppen BS, Fortidsminneforeningen Sogn og Fjordane, Forening for kulturforskning og Seksjon for immateriell kulturarv i Norges Museumsforbund.

Produksjon: Overtok garden etter onkelen i 2016. Marknadshage potet og grønnsaker; gras.

Arbeid: Leiar for Nordfjord Folkemuseum

Kvifor NBS: Eg brenn for at det fortsatt skal vere produksjon på dei små brukna.

**Sander Solheim**

Busett: Rennestraum i Fjaler
Hyllestads BS.

Oppvekst: Oppvaksen med sau, ammekyr og hest i Eikefjorden. Overtok drifta der som 18-åring og starta med mjølk i leigd fjøs, leigd kvote og leigd areal. Kjøpte garden Rennestraum i Fjaler sommaren 2020 og flytta dit. Har brukt tida sidan på å få jorda i hevd og renovera og klargjort driftsbygning for mjølkeproduksjon.

Produksjon: mjølkekryr, sau, fjordhest og skogbruk.
Utdanning: Agronom

Verv: Styremedlem SFBS, Sentralstyremedlem NBS, Fylkesleiar Sogn og Fjordane Senterungdom, fylkesstyremedlem Sogn og Fjordane Senterparti.

Interesser: For meg er rekruttering til landbruksnæringa viktig. Vi treng fleire unge bønder, og ein må legge til rette for at dei som sit med ein draum om å drive ein gard får moglegheit til å prøve seg.

**Håvard Larsen**

Busett: Angedalen i Førde
Sunnfjord BS.

Ungkar, fødd og oppvaksen på bruket eg driv idag.

Produksjon: Gamalnorsk spelsau, økologisk eggproduksjon og kaninar.

Utdanning: Fagbrev som mekanikar. Sjølvstendig næringsdrivande og småbrukar.

Verv: styremedlem i SFBS, styremedlem i Angedalen Grendalag, vara i Førde Røde kors.

Eg vart med i Bonde og Småbrukarlaget fordi dei torer å snakke om dei utfordringane landbruket har, sjølv om det ikkje alltid er like populært.

**Fylkessekretær
Marit Milde**

Busett: Angedalen i Førde
Sunnfjord BS.

Tok over småbruket etter onkelen min i 2011. Vi har restaurert alle dei gamle bygningane på garden, og flytta dit i 2021 - endeleg!

Produksjon: Gamalnorsk spelsau og birøkt (honning & pollinering).

Arbeid: Tilsett i 25 prosent stilling som fylkessekretær i SFBS sidan 2015

Inntekt: 60% stilling som Karriereveileder i Frisk Utvikling.

Eg vart med i Bonde og Småbrukarlaget fordi eg skulle ta over garden., og utan å vite så mykje om landbrukspolitikk. Har etterkvart innsett kor viktig NBS er for sjølverging, busetnad, og arbeid i distrikta, arts mangfald, kulturlandskap og alt i hop.

Årsmelding 2021

Fylkesstyret sitt arbeid

Gratulerer alle saman. I 2021 fylte Sogn og Fjordane BS 100 år! Koronasituasjonen har diverse gjort det umogleg å feire vårt jubileum, men styret håpar å kunne ta det att når samfunnet har normalisert seg etter korona. Sogn og Fjordane BS har i alle desse 100 år utrolleig kjempa ein tapper kamp for å oppnå våre medlemmars næringspolitiske mål – og vi vil halde fram med det.

Styret med varamedlemmane dekker eit breidt spekter av landbruksproduksjonar. Det er viktig å ha fleire «ekspertar» for til saman å kunne danne eit lag som kan representere landbruket på den landbrukspolitiske arena. Når det oppstår trong for det er det også viktig at styret kan kontakta, eller bli kontakta, av medlemmar for å styrke styret si innsikt.

For oss i styret er det godt å vite at vår fylkessekretær - Marit Milde, held styr på fristar, møteinnkallingar og økonomien i laget, samt at ho har god oversikt over det som skjer i organisasjonen og blant medlemmane.

Sogn og Fjordane BS har 14 lokallag der 9 av desse er

STYRET 2021

Marco Neven
– *Leiar* –

Sander Solheim
– *Nestleiar* –

Håvard Larsen
– *Styremedlem* –

Anne Kristin Moe
– *Styremedlem* –

Rita Hestad
– *Styremedlem* –

Anders Hopland
– *1. vara* –

Erna Underdal Skarsbø
– *2. vara* –

Joar Oppedal
– *3. vara* –

Marit Milde
– *Fylkessekretær* –

som kan vere med på å auke tal medlemmar.

Som ein konsekvens av koronasituasjonen blir fylkesårsmøtet 2021 gjennomført i form av teams-møte. Til tross for at me under fylkesårsmøtet helst vil ha augekontakt med kvarandre, har teams-møte vist seg å være eit brukbart alternativ når me ikkje kan møtast fysisk.

Det er praktisk talt umogleg å komme med ei kort og rett oppsummering av resultatet frå fjorårets jordbruksforhandlingar. På tross av gjerne litt ulik oppfatning kan me vere trygge på at våre forhandlarar i kampens hete ikkje har spart på krutet for å oppnå resultat i tråd med NBS sin felles målsetnad for forhandlingane.

For å hjelpe eigen organisasjon med framtidige forhandlingar er det beste rådet å delta i studieringarbeidet (Studieheftet om jordbruksforhandlingar) som medlemmane kvart år vert oppmoda om å ta del i. Det er sjølv sagt og høve til på annan måte å formidle viktige forhandlingsmoment til NBS sitt fylkes- el. sentralledd. Av

praktiske grunner er fristen for innspel til jordbruksforhandlingar sett til 1. mars.

I 2021 vart NBS sitt landsmøte, som følgje eit mellombels opphold i koronaristriksjona, gjennomført i form av eit fysisk landsmøte. Sogn og Fjordane var godt representert. Det var både nyttig og godt å kunne møte NBS sin medlemsmasse og tillitsapparatet og delta i debattane og diskusjonane på både formelt og uformelt nivå.

Også i 2021 har fylkeslagets aktivitetar vore prega av koronasituasjonen. I 2022 har me likevel hatt 10 styremøte og elles delteke på i alt nær 50 møte/samlingar med t.d. NBS sentralt, Sau og Geit Sogn og Fjordane, Tyr Sogn og Fjordane, Statsforvaltaren Vestland, Landbrukspartnarskapen Vestland, sentrale politikarar frå fleire parti, m.fl.

Elles har me sjølv sagt og hatt kontakt med fleire av våre lokallag og medlemmar i fylket.

I 2021 har vår representant frå fylkesstyret også hatt Teamskontakt med elevane på jordbrukskulen på Mo og i Aurland. Det er viktig å ha kontakt med denne gruppa både for å gje informasjon om korleis landbrukspolitikken fungerer, kva NBS står for, og for kanskje også rekruttere nye medlemmar for NBS si framtid.

I 2021 var Sogn og Fjordane BS og med i eit forprosjekt med Hordaland BS og Sogn Jord- og Hagebruksskule (SJH) i Aurland. Målet var og er å få etablert eit nettverksprosjekt rundt regenerativt jordbruk. SJH har sagt seg viljug til å stå som eigar av slikt prosjekt. Det vart sendt søknad om statsstøtte frå Klima- og

miljøprogrammet (KMP) og Økologisk landbruk – tilskot til nasjonale prosjekter 2022, men diverse fekk begge søknad avslag. Gruppa jobbar no vidare med å sjå om det finnes andre alternativ for å få til eit prosjekt med fokus på regenerativt jordbruk.

Sogn og Fjordane BS og Hordaland BS har som tidlegare hatt eit godt samarbeid med mål om å styrke kvarandre og for å kunne opptre som eit fellesskap inn mot Vestland Fylkeskommune, Statsforvalteren Vestland og Landbrukspartnarskapen Vestland.

I 2021 vart det etablert eit interimsstyre for Landbrukssekskapet Vestland. Anders Felde frå Vestland Bondelag er leiar og Leif Grutle frå Hordaland BS nestleiar. Elles er det representantar frå samvirkeorganisasjonane, NI-BIO og Statsforvalteren Vestland som er med.

Styret ser det som svært viktig å jobbe for at kontakten mellom medlemmar, lokallag og fylkeslag blir meir straumlinjeforma. Lokallags fadder ordninga har vist seg til ikkje å fungere så godt som ynskja. Difor har fylkesstyret som mål etter som korona situasjonen tek slutt å ta initiativ til å samlast for å drøfte korleis me kan forbetre vår innterne kommunikasjon.

Å jobbe med organisasjonsarbeid skal være moro og effektivt i høve det me er til for.

Aktivitet i organisasjonen skapar trivsel og gjennomslagskraft, som me og håpar vil auke rekruttering av nye medlemmar. I ein medlemsorganisasjon som NBS kan me aldri ikkje verte betre enn det medlemmane bidrar til.

Resultat

DRIFTSINNTAKTER	31.12.2021	31.12.2020	Note	Budsjett 2022
Salgsinntakter	40 200	43 300		40 000
Kontingent	93 603	92 321		95 000
Smaken av SF	-1 164	0		0
Støtte frå Gjensidige	16 790	16 273		15 000
Sum driftsinntakter	149 429	151 894		150 000
<hr/>				
DRIFTSKOSTNADER				
Lønn til ansatte	78 904	77 784		80 000
Påløpt, ikke utbetalte lønn	0	6 654		0
Godtgjørelse til styre- og bedr.forsaml	10 000	10 000		10 000
Lønninger, ferielønn og honorarer	88 904	94 438		90 000
Arbeidsgiveravgift	8 332	8 226		8 500
Arb.giveravgift, pensjonskostn etc.	8 332	8 226		8 500
Lønstilskot Fylkessekretær	-35 000	-35 000		-35 000
Refusjon av arbeidsgiveravgift	-1 781	-1 400		0
Gave til ansatte, ikke fradagsberettigete	1 687	0		0
Andre personalkostnader	-35 094	-36 400		-35 000
Leie lokaler	20 023	26 553	1	20 000
Data/EDB- kostnad	7 823	6 357		7 000
Trykksak	16 276	11 038		18 000
Aviser, tidsskrifter, bøker o.l.	100	0		500
Møte, kurs, oppdatering o.l.	-326	1 405		6 000
Årsmøte	0	0		10 000
Porto	2 704	4 163		3 000
Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	6 440	3 562		8 000
Kontingenter ikke fradagsberettiget	450	0		2 500
Forsikringspremie	1 936	1 851		2 000
Bank- og kortgebyrer	168	85		200
Annen kostnad	0	0		9 300
Andre innkjøps-,tilvirkn. kostn. etc	55 593	55 014		86 500
Sum driftskostnader	117 735	121 278		150 000
Driftsresultat	31 695	30 617		0
Renteinntekt, skatlefri	0	38		0
Annen finansinntekt	240	0		0
Finansinntekter	240	38		
Avdelingsresultat	31 935	30 655		0

Balanse

EIENDELER	31.12.2021	31.12.2020
Kundefordringer	2 200	200
Mellomkonto	2 669	4 042
Bank Hovud 3837.05.10684	260 082	212 607
Bankinnskudd for skattetrekk	4 252	5 836
Sum eiendeler	269 203	222 685
<hr/>		
GJELD OG EGENKAPITAL		
Annen egenkapital	-207 551	-176 896
Forskuddstrekk	-661	-4 243
Annen kortsiktig gjeld	-29 056	-10 891
Sum gjeld og egenkapital	-237 268	-192 030
Diff. eiendeler/gjeld og EK	31 935	30 655



1) Mellomkonto: Utlegg til fylkessekretær, produksjon av årshefte og skatt som ikkje var gjort opp i 2021

2) Kortsiktig gjeld: Utlegg og husleige som fylkessekretær skal ha. Ikke gjort opp.

1-RESULTAT) Husleige for juni var ikkje betalt. Difor er det ulik sum i det trykte heftet og dette.

Bilagskontroll Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag.

Rekneskapen for Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag 2021 er kontrollert etter framlagde bilag og kontoutskrifter.
Rekneskapen stemmer og er funnen i orden.

Førde, 8. mars 2022

Karen Hornnes
Karen Hornnes
-bilagskontrollør-

Stale Haugen
Stale Haugen
-bilagskontrollør-

Landsmøtet i NBS 2021

Helga 30.–31. oktober arrangerte NBS Landsmøte på Gardermoen. Det var godt å møte folket att etter nokre år med pandemi, og utsendingar frå Finnmark i nord til Agder og Oslo i sør møtte opp.

Fra Sogn og Fjordane stilte 7 utsendingar frå Eid, Sunnfjord, Floppen, Hyllestad og Høyanger. Aurland stilte både med leiar og ungdomsutsending.

Fredags kvelden var det oppsett av «Bondeatinget» i regi av Teater Vestland, og dette var utan tvil eit populært innslag i den elles programmessig fullpakka helga.

Laurdagen gjekk debatten på LM og fylka hadde rigga til «Smaken av heile Norge» utanfor landsmøtesalen. Her kunne du få presentert og smake på lokalmat frå heile landet. Imponerande mykje gode lokale produkt i form av spekemat, ostar, honning og andre varer.

På laurdag hadde landsmøtet besøk av Bondeopprøret v/ Tor Jacob Solberg. Den mannen har talegåver, og dette var eit populært besøk av ein meiningsfelle.

Søndagen starta med besøk og tale av den nye landbruksministeren Sandra Borch. Talen hennar gav forhåpningar til ein fullsett landsmøtesal om nye tider i norsk landbruk.

Eit hårete mål om sjølvforsyningsgrad og tilskot til verkemiddel for norske bønder i klimatiltaka. Vi gler oss til å få Sandra som sjef etter harde blå år der matproduksjon på



eigne ressursar ikkje har vorte prioriterte av dei som styrer.

Søndagen heldt fram med val, og Sogn og Fjordane er sterkt representerte i NBS i form av Politisk nestleiar Eli Berge Ness frå Gauldal som blei attvald. I tillegg har vi Sander Solheim frå Hyllestad BS i NBS-styret. Hanne Bjerkvik er nyvald leiar i Hyllestad BS, og blei vald inn i Kvinneutvalet i NBS. Vi har også Nora Fjeldkåsa, Aurland i Ungdomsutvalet.

Sogn og Fjordane på Landsmøtet 2021. Ester Løvland, Jarle Maritin Håland, Frøya Torvik, Atle Løvland, Rune Bruvoll, Marco Neven og Sander Solheim. Framme f.v. Gunnar-Arne Haaland, Eli Berge Ness, Hanne Bjerkvik og Marit Milde.

- Restaurering
- Nye tradisjonsbygg
- Grindbygg i alle storleikar



Har du gamle bygg som treng hjelp, ta kontakt og vi kan sjå på tilstanden.



Vi hjelper til med kalkyler og eventuelt søknadar om støtte. Besøk oss på www.bilelaget.no Telefon: 924 12 843

AutoMester®

Din Mekaniske verkstad i Ytre Fjaler.

Vi tek service/EU-kontroll
på alle bilmerke.
Yamaha forhandler.
Hydraulikkverkstad.

**FURE
MEKANISKE AS**

6967 Hellevik i Fjaler
Telefon: 57 73 75 42

Anders Nordstad ny generalsekretær i Norsk Bonde- og Småbrukarlag

Anders Nordstad (56) er ny generalsekretær i Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Nordstad etterfølger Olaf Godli som etter 17 år i stillinga har valt å sleppe nye krefter til.

Nordstad er utdanna siviløkonom og har mange års erfaring med handel av råvare som korn og soya i selskap som Lantmännen Cerelia og Denofa. Mange har den siste tida stifta kjennskap til Nordstad gjennom debattinnlegg om norsk landbruk på eigen blogg og i norske medium.

– Anders skriv godt og har svært god talforståing og analytiske evner. Men det er særleg hans mangeårige erfaring med personnalleiing og tilnærming til problemløysing som gjer at vi er sikre på at Anders er riktig person for å bygge og styrke sekretariatet og organisasjonen i ei tid med store endringar, seier Hoff.

Anders Nordstad har gjennom sin lange fartstid i forsyningskjedene for landbruket

både nasjonalt og internasjonalt utvikla et sterkt engasjement for norsk jordbruk.

– Norsk jordbruk har – samanlikna med alt annan jordbruk eg har sett i verda – nokre unike eigenskapar. Dette er verdifullt for både forbrukarar, samfunnet, naturen og klimaet og må forsterkast, ikkje svekkast. Og når sterke politiske og økonomiske interesser driv norsk jordbruk i stikk motsett retning, må vi kjempe imot. Eg gler meg til å vere med i kampen – som til sjuande og sist handlar om å gjere bruken av norsk jord lønnsam. Det er få ting som er viktigare for et land enn et velfungerande og lønnsamt jordbruk som bidreg til ei sikker matforsyning, seier Nordstad.

– Hans erfaring og hans blikk, litt frå utsida, vil vere ein styrke for oss, for å vri landbruket over i ein enda meir berekraftig retning slik at vi bruker eigne jord- og beiteresursar meir målretta og dermed kan reduse re importen, både av førråvarer og matvarer vi kan produsere sjølv. Eg gler meg til dette samarbeidet og eg håper og trur det vil styrke norsk landbruk, auke kompetansen i befolkninga og styrke Norsk Bonde- og Småbrukarlag, seier Hoff.



Kjersti Hoff, leiar i Norsk Bonde- og Småbrukarlag, er godt fornøgd med å få med Anders Nordstad i arbeidet med å betre rammebetingelsane for norske bønder.

Leiar i Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag seier at Norstad har markert seg godt gjennom året som han har vore tilsett.

– Han har vore spesielt flink til å markere

sitt syn på mellomleddets rolle. Utnytting av konkurransekrafta i matvaremarknaden.

Bloggen finn du på Facebook og heiter Anders Norstad Blogg.

Sentralstyret i Norsk Bonde- og Småbrukarlag

**KJERSTI HOFF**

Leiar
kjersti@smabrukarlaget.no

ELI BERGE NESS
Politisk nestleiar
eli.ness@online.no

OLA FISKVIK

Organisatorisk nestleder
ola@olafiskvik.no

KRISTOFFER FODNES

kristoffer@naeringstaksering.no

SANDER SOLHEIM

sandsol99@gmail.com

ANN GURO HANSEN

annguro@signalbox.no

KJELL ERIK

BRANDSTADMOEN
kebrandstadmoen@gmail.com

ASTRID TOVE OLSEN

Ordfører
astridtoveolsen@gmail.com

OLE TVETE MURITEIGEN

Varaordfører
ot@muriteigen.no

VARAMEDLEM TIL STYRET**1. Eldar Melbøe Kyllesø**

eldar.kylles@gmail.com

2. Vegard Vigdenes

vegard@vigdenes.com

3. Irene Dalland

irene@dallandgard.no

4. Hanne Guåker

hanne@guaker.no

5. Ståle Støen

sstoen@online.no



*Kjære bonder,
takk for maten!*

Erik Hjelmbrekke
SPAR Jølstraholmen

<https://spar.no/nettbutikk/varer>

SPAR
EUROSPAR

Kvifor skal eg være eigar av TINE-samvirket?

- Eit samvirke som arbeider for best mogleg økonomisk resultat frå din mjølkeproduksjon
- Trygg og forutsigbar avsetning av mjølka.
- Tilgang til verdfull kompetanse i alle deler av mjølkeproduksjonen.
- Ein gunstig startpakke som ny brukar.
- Eit godt fagleg og sosialt miljø i produsenlaget.
- Eit samvirke som sikrar deg konkurranseskraft og påverking vidare i verdikjeda.

Saman skaper me eit levande Norge

medlem.tine.no



TINE

TopLac® Sau Fiber løyser utfordringa!

Supert til lamminga!



Mange testa vårt nye kraftfôr i lamminga i fjor, og tilbakemeldingane er svært positive.

Det høge fiberinnhaldet kvesste appetitten på både kraftfôr og surfôr. Sauene heldt seg friskare, mjøkeproduksjonen blei god og lammetilveksten likeeins.

TopLac Sau Fiber er spesielt effektiv om surfôret har høg kvalitet, eller tilgangen er avgrensa.

Ventar du fleire trilling - og firlingsøyer så tilrår vi den prisgunstige TopLac® Sau Fiber i lamminga.

TopLac® Sau Fiber – den perfekte løysinga ved store lammekull og ekstra godt surfôr.

Produksjonsstart: Tysdag 15. februar

GODT GJORT ER BETRE ENN GODT SAGT

FISKÅ MØLLE ROGALAND Tlf. 51 74 33 00

FISKÅ MØLLE ETNE Tlf. 53 77 13 77

Fiskå Mølle
www.fiska.no

Kva med å starte med noko nytt?

Vår innovasjonselskande tidsepoke er oppteken av stadig fornying og utvikling av nye produkt. Når det gjeld jord- og hagebruk så kan det bety å finne nye sortar – t.d. eple med ein litt anna smak, konsistens, farge og betre lagringseigenskap, eller t.d. nye sauerasar.

Men om ein satsar på heilt nye produkt som t.d. struts, lama eller tindvedbær vil du møte ein del spanande utfordringar.

I 2014 valde vi i SOGNEBIA i Lærdal og på Holmen Gard i Vik i Sogn, å bli med på eit prosjekt som satsa på tindvedbær. Bæra frå tindvedplanta (*Hippophaë ramnoides* L.) er eit spanande produkt som går under mange namn – tindvedbær, havtorn, sea-buckthorn, for å nemne nokon. Kokkar på dei flottare restaurantar samt helsekostindustrien kjenner godt til bæra som ved sidan av sin unike smak også er stappa med vitamin og antioksidantar. Men folk flest har knapt nok hørt om desse bæra.

I 2014 planta vi til saman 9 daa. tindved. Med berre to produsentar i same prosjekt, innsåg vi fort at vi måtte samarbeide tett og marknadsføre våre bær; Tindved frå Sogn, i lag.

Heldigvis hadde prosjektet – som først var i regi av Lerum AS og etter kvart vart overført til Lærdal Grønt SA (siden 2021 fusjonert med Sognefrukt SA til Sogn Frukt og Grønt SA) inngått eit samarbeid med NIBIO på Njøs frukt og bærssenter. I 2016 ferdigstilte ein dyrkingsrettleiing for tindved. Dyrkingsrettleiaren har vore til stor nytte for oss to produsentar.

Det var likevel nokre utfordringar vi måtte få næste opp i:

- Korleis skulle vi hauste desse tindvedbæra? Vi enda opp med å fryse stenglane med bæra på, treske desse i eit fryseri og

reinske bæra med sil og pinsett i eit fryseri.

- Takka være Lærdal Grønt SA sin delaktigheit i prosjektet hadde vi tilgang til eit stort fryseri og Lærdal Grønt SA sitt apparat for å omsette våre bær til vår hovudkunde; BAMA Storkjøkken AS.
- Vi kan takke BAMA Storkjøkken AS for å ha sett verdien i bæra våre og at dei også har formidla bæra til hovudmålgruppa; dei flottaste restaurantane i landet.
- Heldigvis har vi til d.d. ikkje hatt trong for å bruke plantevernmiddel. Om vi hadde hatt bruk for det ville vi fort ha møtt veggen, det finnes nemleg ingen godkjende plantevernmiddel til heilt nye plantesortar som t.d. tindved.
- Sett bort frå NJØS sin dyrkingsrettleiar var det ingen andre aktørar som kunne gje kvalitetssikra rettleiing når det gjeld anlegg og stell av tindvedfelt.
- Når det gjeld produksjonstilskot får vi areatilskot men ikkje distrikts- og kvalitetstilskot.
- Men heldigvis er tindved med i Forskrift om erstatning ved klimabetingede skader i plante- og honningproduksjon.

At Lærdal Grønt SA – som har vore ein god og naudsint støttespelar frå starten, i 2019 melde våre bær inn til matkonkuransen Det Norske Måltid – som kvart år leiter etter det ypperste innan norsk mat og drikke, og at våre tindvedbær vant i kategorien Årets grønne, var ei flott oppleveling og eit svært nyttig element i høve marknadsføringa. At koronasituasjonen nokre veker etter prisutdelinga stengde restaurantbransjen og at BAMA storkjøkken sine ekstraordinære marknadsføringstiltak måtte leggast på is, var difor svært uheldig. Men at våre bær har vunne i kategorien Årets grønne i Det Norsk Måltid kan ingen ta ifrå oss.



Tindvefeltet til Sognebia i Lærdal.

Foto: Marco Neven

Isolert sett trur vi at denne type satsing på nye produkt – som ved sidan av rein hagebruksproduksjon og består av vidareforedling og marknadsføring, ikkje er nok for å snu den seinare års utvikling i norsk jord- og hagebruk. Men vi må ha i mente at t.d. potet og blomkål ein gong også var avhengige av at nokon ville prøve å dyrke desse.

Vår satsing på tindved har krevd mange timer, men har og gjeve oss eit brukbart utbytte – både økonomisk, fagleg og sosialt. Det gjer oss og rett og slett stolte kvar gong vi får tilsendt mms frå folk som sit og et våre bær på ein av landets flottaste restaurantar.



Pakkning av bæra.

Foto: Marco Neven

Marco Neven

Jo mere vi er sammen!

Alle husdyrprodusenter er små aktører i det store markedet. Men alle er sterkere når vi opptrer sammen.

Nortura er det eneste landsomfattende slakteriet i Norge som eies av medlemmene. Vi er bøndenes egen bedrift. Vårt formål er å sikre avsetning av norsk kjøtt og egg og skape verdier for eierne.

[Se medlem.nortura.no](http://Se%20medlem.nortura.no)



DRØV Serien til melkekyr og storfeoppdrett



DRØV Serien til sau og lam



IDEAL Serien til purke, smågris og slaktegris



DRØV Serien til geit

TsT Maskin AS

Angedalen - 6811 Førde - Mobil 481 47 122



Bygging av
drifts- og
skogsvegar

Opp-
arbeidning
av tomter

*Gravemaskiner
frå 8 til 23 tonn
*Traktor med
dumperhengar

- Grøfting
- Dyrking
- Planering
- Brøyting
- Muring



GAFF 2018

Kraftfôr frå Ottadalen Mølle

- Norgesfôr bruker varmestabil Levucell® Levande Gjær i DRØV- blandingar.
- Norgesfôr bruker organisk selen og e-vitamin i IDEAL svinefôr - blandingar.

Kontakt for tilbud og bestilling:

Ottadalen Mølle, Lom:	Tlf: 61 21 18 20
Tenden Transport:	Tlf: 57 87 69 10
Salg, Vestlandet:	Tlf: 94 79 15 79
	Tlf: 48 00 93 77

GRATIS utkjøring av småsekk og storsekk fra våre lager i Stryn, Hafslø og Ørsta!

Besök vår heimeside www.norgesfor.no/ottadalen



Følg oss på facebook for tilbud og nyheter!



Ottadalen Mølle

Portrettet

Budeia

Som yngstejente, med tre eldre søstrer, og «ittepaodalt», vokst eg opp med geiter, kyr, hest, sauvar, gris og høner, noko som var ganske so typisk på gardane her i bygdi. Me hadde det meste for å vera sjølvforsynte på garden, i tillegg til dyra, hadde me poteter og diverse grønsaker til eige bruk.

Me fekk ikkje traktor, ein Rapid, før byrjinga på 70-talet, då me selde merra. Sylvia, som ho heitte var 27 år då me selde ho, og det var ein forferdeleg dag, både for meg og pappa. Ifrå eg var pitte lita, var eg der pappa og Sylvia var. Me køyrdet mørk i mørkasleden, ved på snoesleden, høy på høyvogna, og så hadde me hjulsleden, som vart brukt av mamma fram og tilbake til støls, Sylvia var ikkje vond å be når mamma ropte på ho, då visste ho at ho fekk til støls, og leva herrens glade dagar.

Då eg var ca. 7 år, fekk eg første geita mi, pappa døypte

ERNA UNDERDAL
SKARSBØ

22 år

Bustad: På garden vår i Undredal

Sivilstand: Gift med Sigbjørn

Produksjon: Geitamjølk, og brun og kvit geitost om sommaren, på stølen Langhuso

Arbeid: «Berre» bonde, eller småbrukar, og budeie om sommaren

Hobby: Ingen hobby, viss ikkje det å sjå Liverpool-kampar er ein hobby.

ho Perla, og me har nok etterkomrar etter ho enda.


Då eg var på den alderen, mjølka eg mi første geit, ho heitte Reikekodla.

Eg var heldig og fekk vera med mamma på stolen ifrå eg var liten, det var ikkje snakk om så mykje arbeid i byrjinga, det var mest leik og kos med killingane (eller pillane, som me seier) og kalvane. Det var trygt og godt, og det var nok med på, at eg seinare tok valet, å bli bonde.

Då eg var 12 var eg med søster mi på stolen, og då fekk eg meir ansvar, var med å mjølka både kyr og geiter.

Så var eg med mamma nokre somrar, og gjekk i lære i hjå ho, og eg kunne ikkje fått ein betre, og meir kunnskapsrik, og tolmodig Mentor. Då eg var 16, hadde eg det fulle ansvaret på stolen, saman med Signe Lise, tanteungen min

på 11. Det var ikkje noko sovepute akku-



Å vera budeie, er ikkje berre eit yrke, det er ein livsstil.

rat, me hadde 75 geiter, 3 kyr, og alt skulle handmjølkast. Ikkje straum eller innlagt vatn, så det måtte berast både ut og inn.

Sjølvsgart var det eit stort ansvar, me laga jo ost kvar dag, og det var jo hovudinntekta på garden. Men me tok ansvaret alvorleg, og som sagt, hadde eg hatt ein god læremeister. Det vart prenta inn i oss, at osten skulle vera skikkeleg, «Er den ikkje god nok til deg, er den ikkje god nok til andre» var mantraet. Og sidan har eg vore på stolen, sommar nr. 49 vert det i år.

Men det er rart, ein hugsar berre soldagane, slitet, vonde armar, sparkande kyr, og svidd brimost gløymer ein. Å vera budeie, er ikkje berre eit yrke, det er ein livsstil. Og eg hadde ikkje villa vore det forutan.

I 1984 vart pappa pensionist, og sidan eg hadde gått på SJH 82-83, låg det vel i korta at eg skulle overta, dei andre søstrene mine var vel etablerte andre stader. Dei første åra pakta eg, for å sjå om det var noko å satsa på, i -87 overtok me skikkeleg, då var me brått vorte 4, med 2 jenter fødde i -86 og -87.

Då eg overtak, var pappa medlem i Bondelaget, eg trur det var av gamal vane, fordi han sa fleire gonger, at han burde vel eigentleg vera i Småbrukarlaget. Eg hugsar ikkje akkurat når eg melde meg inn, rundt -88, at eg fann ut Småbrukarlaget, passar betre for meg. Dei tala meir dei sakene eg var opptekten av, og brann for.

Grunnen til at eg overtak, var at det for det første, fann ut at det var dette eg ville driva med. Eg var 4. generasjon, og følte at det var viktig å ta vare på tradisjonane mine forfedrar hadde arbeidd opp. No er me faktisk den einaste garden som har drive med ostaprodusjon utan opphald i 4 generasj-

nar. Sjølvsgart er interessa viktig, men trivaden er halve arbeidet, sa mamma alltid, og det er jammen sant.

FØREBILETE: Mitt største førebilete er utan tvil mamma, hennar kunnskap, den respekten ho viste dyra, omtanken for dei, kjærleiken til dei, var noko eg tok med meg, og eg håpar eg kan føra vidare til neste generasjon.

Andre førebilete er Anne Enger og Liv Signe Navarsete, to sterke, flotte kvinner som verkeleg har stått i stormen, og har vore dyktige, klare politikarar.

LITTERATUR: Krim, masse krim, eg les for å bli underholdt.

MUSIKK: Oj, kvar skal eg byrja? Eg er veldig glad i musikk, og rocken står mitt hjarta nærest, oppvachsen som eg er på 70-talet, då punken kom, Progrocken eg høyrdé hjå naboaene, Deep Purple og Uriah Heep, og så på slutten av 70-talet dukka The Boss opp, og han har følgt meg sidan, saman med Eagles generelt, og Don Henley spesielt. Men eg likar mykje norsk og; frå Dum Dum Boys til Odd Nordstoga (tekstar på nynorsk, heilt strålende) Tenk så heldige dei er, dei som har evna til å laga musikk.

MAT OG DRIKKE: Heilt vanleg, norsk humannskost, kanskje pillakjøt er noko av det beste eg veit (og spekesild). Med diabetes, held eg meg til vatn og kaffi, masse kaffi ...

Kaffi, radio på Langhuso om morgonen (sånn i halv 4-tida) då dett skuldrene på plass. Finst ikkje betre plass, med Anfield som god nr. 2.

«No er me faktisk den einaste garden som har drive med ostaprodusjon utan opphald i 4 generasjoner.»



På lag med landbruket for å forebygge skader

Som medlem av Norsk Bonde- og Småbrukarlag får du:

- inntil 20 % rabatt på privatforsikring
- 24-34 % rabatt på landbruksforsikringer
- god pris på ulykkesforsikring for voksne og barn
- gode fordeler på pensjon

Ring Gjensidige på **915 03100** eller les mer på gjensidige.no/landbruk



Norsk Bonde-
og Småbrukarlag



TIL LANDBRUKET LEVERER VI


- Brannvarslingsanlegg
- Elektriske installasjoner
- Internkontroll på el- og brannvarslingsanlegg
- Termografering



Ta kontakt på
478 36 160 eller
post@sunnfjordelektro.no

**Sunnfjord
Elektro AS**
EL-PROFFEN

Du kan lett spare tusenlapper i året som Coop-medeier!



Bli medlem DU også
– og spar flere tusen kroner i året!

Scan qrkoden
eller send SMS «Coop» til 2330
Du kan også gå inn på Coop.no-medlem

coop
Nordvest



Felleskjøpet

Det finnes ei tid når tida
ikke alltid strekker til.

Vi er klare til innsats.



**Spør oss om:
HMS**

**Grovfôr og beite
Bygg og økonomi
Maskinteknikk**

**Plantevern og gjødsling
Frukt, bær og grønnsaker**

**Norsk
Landbruksrådgiving**

Vest.nlr.no
98245838
vest@nlr.no

Nyinnmeld

Du melde deg inn i NBS i 2021 – kvifor?

Eg vurderte først å melde meg inn i NBS etter jordbruksforhandlingane i 2020. Etter å ha vert medlem i Norges Bondelag i to år, fekk eg eit sterkt inntrykk av at bondelaget sentralt ikkje tok bruk med mitt driftsomfang på alvor. Det er er noko NBS gjer og står for! Så eg føler at eg får meir igjen for å vere medlem i NBS

Kva tenkjer du er den viktigaste for landbruket framover?

Eg meiner det viktigaste for landbruket framover må vere å styrke økonomien betydeleg. Ein må få halde pengane hos dei aktive produsentane, og dessutan få betre betalt for råvarene ein leverer.

Kostnadsveksten som har komme dei to siste åra må kompenseraast fullt ut raskest mogeleg.

Hobbyar/interesser?

Likar å vere oppdatert på ny teknologi og maskiner.

Kva les du?

Les mykje fagstoff. Blada Betre gardsdrift og Norsk landbruk.

ANDREAS AKSE

22 år

Bur på Akse i Hyllestad Kommune.

Produksjon: Driv i dag med mjølke- og storfekjøtproduksjon.

Eigen ein kvote på 175.000 liter og leiger 76.000 liter. Har 70 dyr fordelt på 3 fjøs.

Er utdanna agronom ved Mo og Øyrane VGS i Førde.

Jobbar også fullt utanom på Havyard verft i Leirvik.

Eg er oppvaksen her på Akse der foreldra mine har drive med mjølkeproduksjon. Har vore med å hjelpt til sidan eg var liten og interessa for jordbruket tok meg.



Når du skal slappe av, kva gjer du då?

Når den sjeldne situasjonen byr seg so kan det vere å sjå på tv.

Har du nokon du ser opp til/forbilde?

Alltid kjekt å snakke med andre bønder som har same interesse og som gjer ting på ein smartare måte. Dei ser eg opp til!

Er det noko du kan sei om deg som få veit?

Kan spele piano.

Kva er framtidsdraumen din?


Bygge ny lausdriftsfjøs og få eit lettare og meir fleksibelt liv.

Har du nokon du vil gi litt ekstra ros?

Vil gi all ros til Jordbrukskulen på Mo. Alt frå å få eit godt resultat i enga til å sette opp eit dekningsbidrag til å forstå korleis tunge maskiner påverkar jordstrukturen til å stelle ulike dyr. Vil påstå at utan dei tre åra eg hadde på Mo så hadde eg aldri vore der eg er i dag.



Returadresse:
Sogn og Fjordane
Bonde- og Småbrukarlag
Angedalsvegen 651
6811 FØRDE



AASE LANDBRUK AS

www.aase-landbruk.as



Farmtrac 6075

Finn-kode: 245741639

Tøff 75 hestar med ROPS.
Flott traktor med god
adkost for fleire ulike
bruksområde.

- 75 HK – 4 syl
- 12+12 gir
- 2500 kg kapasitet
på 3 punkt
- ROPS veltebøyel
- Full lyspakke.

Garcia Triton Tørrgjødselvogn

Finn-kode: 248036074

Garcia tørrgjødselvogner er
solide vogner av høg kvali-
tet. Mykje for pengane!



Padagas PI feiebørste

Finn-kode: 246554836

Padagas PI feiebørste kjem i breidde på
210 cm og 250 cm. Stødig og god feie-
børste i fin utføring, produsert i Europa.

For meir informasjon og tilbod ta
kontakt på 57 71 64 40 / 990 98 850



Aase Landbruk a.s.
Vadheimsvegen 1255, Storehaug
6973 Sande i Sunnfjord